

## Oppsummering - møte vedr. avtalerevisjon\_05.01.18

**Til stades:** Helga Ellingsen(møteleiar), Nina Kvamme, Ingebjørg Søreide, Mette Fauskanger, Anita Pettersen, Ove Sæbø, Leni Dale, Helge Kvam, Heinz Diehl, Eirik Schütz(kommuneadvokat LK), Terese Folgerø, Rolf Tande, Peter Kubon, Tord Moltumyr, Olav Mongstad(siste del av møtet) og Anne Hildegunn Færøy(ref.).

### 1. Tenesteavtale 4 – ØHD senger

#### **Kommunane i NH - innspel til arbeidsgruppa:**

- Ser det som hensiktsmessig å ha eit vedlegg til overordna samarbeidsavtale som skildrar ØHD tilbodet, men at dette ikkje skal framstå som ein juridisk bindande avtale. Gruppa ber om at ordet **avtale** må takast ut av dokumentet.
- Ønskjer ikkje beskrivelse av sanksjonsmuligheter og tvisteløysingar. Ber om at punkt 13 blir tatt ut av avtalen.
- Vil som dei andre samarbeidsutvala ikkje gje lege i spes.h.t mulegheit til å henvise pasientar direkte til kommunal ØHD.
- Vil endre krav til særavtale til lokal beskrivelse/prosedyre som skildrar lokalt ØHD tilbod.
- Ber om at avtaleutkast vert sendt ut til gjennomgang hos jurist i kommunene før utsending til handsaming i Sua.

Kommunane i NH ser eit behov for gjennomgang og revisjon av Overordna samarbeidsavtale med resten av avtaleverket. Dette vert meldt inn til AK og eventuelt vidare til SUA.

### 2. Tenesteavtale 8 – Føde, barsel

Olav Mongstad orienterte om arbeid med revisjon av tenesteavtale 8.

Status: Tenesteavtalen er revidert og det er semje i gruppa om innhaldet i revidert utkast av tenesteavtale 8.

Når det gjeld Rutinar for samarbeid som er lagt ved avtalen er det usemje i arbeidsgruppa. Dette gjeld særleg punkt i rutinebeskrivelse som regulerer ansvar for mor og barn etter fødsel. Helse Bergen har komme med skriftleg tilbakemelding/innspel til utkast til rutinar og der dei melder at dei vil ta ut punktet om at HB har ansvar for mor og barn 5 døger etter fødsel. Kommunerepresentantane i arbeidsgruppa for revisjon har meldt at dei ikkje er samde i dette og har utforma eit skriv med grunngjeving om kvifor kommunane ikkje vil endra punktet om ansvarsdelinga etter fødsel. Dette er vedlagt.

### 3. Særavtale til tenesteavtale 7 – helsefaglæringar, praksis i sjukehus

Konklusjon:

Fleire kommunar i NH vil vere med i ordninga. Alle kommunane må vurdere si deltaking i ordninga, og må melde dette tilbake til Anne Hildegunn innan 20.januar. Evt. deltaking vert vidareformidla til HB og HDs.

Repr. til arbeidsgruppe for revisjon av særavtalen vert utpeika på møte i kommunalsjefgruppa 2.februar. AH - melder dette tilbake til Hilde Nesse.

#### 4. Tenesteavtale - Pandemi

Terese Folgerø orienterte om status for revisjon av pandemiavtalen. Det er tilrådd at ein avventar vidare arbeid med avtalen til nasjonal rettleiar føreligg.

**Ønske om felles møte for kommunalsjefar og kommuneoverlegar ca 2 veker før møta i SU.**

**Anne Hildegunn Færøy kallar inn.**